



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 13.06.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: kl. 13.30 - kl. 14.50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Berge Litland		Medlem
Åge Clausen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Aslaug Gjerstad		Medlem
Magne Reigstad		Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Esther Halland		Ove Kleiveland

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekretæren og nestleiar for helse- og omsorgssektoren.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/18	Godkjenning av møtebok
010/18	Referatsaker og meldingar: 1. Kunngjering av vedtak – høyring og offentleg ettersyn for Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse Osterøy kommune 2018.
011/18	Økonomiplan 2019 - 2022
012/18	Innspeil til kommunal eldrerådskonferanse 2018
013/18	Eldreråds kurs 2018
014/18	Reglement for eldrerådet

008/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

13.06.2018 ELDRERÅDET

Det vart varsla nokre spørsmål til slutten av møtet.

Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

ELD - 008/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

009/18: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå 14.02.18 vert godkjend.

13.06.2018 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå møtet 14.02.18.

ELD - 009/18 VEDTAK:

Møtebok frå 14.02.18 vert godkjend.

010/18: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsakene vert tekne til vitande.

13.06.2018 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ELD - 010/18 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

011/18: Økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Økonomiplan 2019 – 2022 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg til saka, som retningsgjevande for rammer i budsjettet for 2019

Førebels ramme til drift av sektorane i 2019 vert sett til kr 437 millionar. Ramma vert å justere når statsbudsjettet for 2019 ligg føre og årsbudsjettet for 2019 skal vedtakast.»

06.06.2018 FORMANNSKAPET

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "For å unngå store svingingar i driftsmidlar, som følge av endringar i inntekter frå Havbruksfondet, vil ein ikkje ta inn heile inntekta i driftsbudsjettet.

- kr 3 mill. frå Havbruksfondet vert ført inn i drifta i Økonomiplan 2019-2022

- resterande midlar vert sett av til fond.

Rådmannen kjem attende med ei skisse til eit fond som skal ha som føremål å sikra utvikling i Osterøy kommune.

Namnet på fondet vert: Næring- og utviklingsfond.

Føremål og styring av fondet må ein komma attende til i eiga sak."

AVRØYSTING

Johannes Bysheim sitt framlegg - samrøystes tilrådd

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd

FS - 048/18 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

«Økonomiplan 2019 – 2022 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg til saka, som retningsgjevande for rammer i budsjettet for 2019.

Førebels ramme til drift av sektorane i 2019 vert sett til kr 437 millionar. Ramma vert å justere når

statsbudsjettet for 2019 ligg føre og årsbudsjettet for 2019 skal vedtakast.

For å unngå store svingingar i driftsmidlar, som følge av endringar i inntekter frå Havbruksfondet, vil ein ikkje ta inn heile inntekta i driftsbudsjettet.

- kr 3 mill. frå Havbruksfondet vert ført inn i drifta i Økonomiplan 2019-2022

- resterande midlar vert sett av til fond.

Rådmannen kjem attende med ei skisse til eit fond som skal ha som føremål å sikra utvikling i Osterøy kommune.

Namnet på fondet vert: Næring og utviklingsfond.

Føremål og styring av fondet må ein komma attende til i eigen sak."

13.06.2018 ELDRERÅDET

Nestleiar i sektor for helse- omsorg og sosial møtte i saka for å svare på spørsmål om økonomiplanen. I samband med denne vert det gitt ei orientering om status for omstillingsarbeidet i helse- og omsorgssektoren.

Leiar av eldrerådet, Åge Clausen, gjorde slikt framlegg til uttale:

"Eldrerådet vil igjen peike på trongen for straks å realisere prosjektering av bufellesskap/omsorgsbustad+ på Hauge. Dette kan vere einaste staden med 24 timar personaldekning.

Eldrerådet etterlyser og etablering av frivilligsentralen."

AVRØYSTING

Åge Clausen sitt framlegg: - samrøystes tilrådd.

ELD - 011/18 VEDTAK:

Eldrerådet sin uttale til heradsstyret:

"Eldrerådet vil igjen peike på trongen for straks å realisere prosjektering av bufellesskap/omsorgsbustad+ på Hauge. Dette kan vere einaste staden med 24 timar personaldekning.

Eldrerådet etterlyser og etablering av frivilligsentralen."

012/18: Innspel til kommunal eldrerådskonferanse 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg i saka.

13.06.2018 ELDRERÅDET

Leiar, Åge Clausen, gjorde slikt framlegg: "Saka vert tatt til orientering."

AVRØYSTING

Åge Clausen sitt framlegg: - samrøystes vedteke.

ELD - 012/18 VEDTAK:

"Saka vert tatt til orientering"

013/18: Eldreråds kurs 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg i saka.

13.06.2018 ELDRERÅDET

Leiar av eldrerådet, Åge Clausen, gjorde slikt framlegg:

"Eldrerådet sender ikkje ein representant på dette kurset. Grunngevinga er at nestleiar allereie har vore på kurs i år og det vil difor vere naudsynt å bruke det resterande budsjettet for 2018 til andre formål."

AVRØYSTING

Åge Clausen sitt framlegg: - samrøystes vedteke.

ELD - 013/18 VEDTAK:

"Eldrerådet sender ikkje ein representant på dette kurset. Grunngevinga er at nestleiar allereie har vore på kurs i år og det vil difor vere naudsynt å bruke det resterande budsjettet for 2018 til

andre formål."

014/18: Reglement for eldrerådet

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Reglementet for eldrerådet vert tilrådd slik dei ligg føre og vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.»

13.06.2018 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

ELD - 014/18 VEDTAK:

«Reglementet for eldrerådet vert tilrådd slik dei ligg føre og vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.»

Andre saker/ spørsmål

Til orientering frå leiar: utbygginga av omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma i kommunen

Leiar, Åge Clausen, orienterte om korleis utbygginga av omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma har gått føre seg i kommunen fram til i dag. Utbygginga har i store grad vore gjort på privat initiativ, og den har vore spreidd. Dette har ført til høge kostnader for drifta av omsorgstenester. Ei sentralisering av omsorgsbustadene vil vere naudsynt for å kunne kutte kostnader og optimalisere drifta.

Det vart ikkje gjort vedtak i samband med orienteringa.

I samband med handsaminga av økonomiplanen, vert det frå leiar Åge Clausen, stilt to spørsmål:

Realisering av bufellesskap

Det vart stilt spørsmål til om kor langt prosjektet med realisering av bufellesskap i kommune er kome.

Nestleiar for helse- og omsorgssektoren svara at det ikkje har vore høve til å starte med bygginga enno.

Frivilligsentral

Det vart stilt spørsmål om kvifor kommunen ikkje har oppretta ein frivilligsentral.

Spørsmålet vert formidla vidare til rådmannen, som skal kome tilbake med svar til hausten.

Møte i neste halvår

I neste halvår ønskjer eldrerådet fyrst eit møte i siste veka i september. Rådet ønskjer å invitere ordføraren til dette møtet. Deretter ønskjer rådet eit møte i medio november, der årsbudsjettet vert lagt fram som sak. I dette møtet er det ønskjeleg at både rådmannen og leiar for helse- og omsorgssektoren stiller. Når det gjeld møtedag, er måndag helst å fortrekke.

Til å skrive under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart medlemmene Audun Mosevoll og Atle Eide valde.

Lonevåg, 15.06.2018

Marie Koksvik Thorsen
utvalssekretær

Åge Clausen
utvalsleiar

Audun Mosevoll

Atle Eide